



Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/14 - 23/5714

Saksbehandlar:
Pelle Engesæter
pelle.engeseter@osteroy.kommune.no

Dato:
10.03.2023

Høyring og offentleg ettersyn planprogram Kommunedelplan for kulturmiljø, Osterøy kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 11-13 har Heradsstyret 22.02.2023 gjort vedtak om å leggja utkast til Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker. Planprogrammet ligg vedlagt. Vedtaksdokument finn de på kommunen si heimeside under høyringar og kunnjingar.

I høyringsperioden ønskjer me óg innspel frå privatpersonar, lag, organisasjonar og andre på kulturmiljø ein ønskjer skal takast inn i planen. Innspela kan omfatte kulturminne, kulturmiljø og landskap, men óg tradisjon knytt til munnleg overføring er av interesse.

Merknadar og innspel kan sendast på epost til post@osteroy.kommune.no eller pr post til: Osterøy kommune Postboks 1 5293 Lonevåg. Merk sendinga «Innspel kulturmiljø».

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Merknadsfrist er sett til 28.april.

Vedlegg: Sakspapir

Med helsing

Pelle Engesæter
Einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

